



Hordabø Idrettslag
Radøy 2795
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/233 - 15/12447

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
09.11.2015

Fordeling av kulturmidlar 2015 - idrett

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar heimehørande i Radøy kommune. Det er sett av kr 375 000 til kulturmidlar for 2015, som skal fordelast etter retningslinjer vedteke i sak 55/00 av formannskapet. Kulturmidlane er grovfordelt etter delingsnøkkel, som gjev kr 10 000 til lag for funksjonshemma, 45% til idrett, 35 % til song og musikk, 20 % til andre lag og organisasjonar.

Kriterium som skal vektleggjast ved tildeling er:

- medlemstal under 18 år
- allsidig aktivitet
- tilrettelegging for funksjonshemma
- aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper
- kvalitet på aktivitetane
- medlemskontingent

Det er gjeve kr 164 250 til fordeling for søknader til lag som kjem i kategorien idrett. Radøy idrettsråd har kome med uttale til tildeling av driftsmidlar. Idrettsrådet har vektlagt medlemstal (60 %) og administrasjon (40 %). Rådmannen har ingen merknader til idrettsrådet sitt framlegg.

Rådmannen vedtek følgjande tildeling av kulturmidlar for 2015 i tråd med idrettsrådet si innstilling:

Lag	Tilskot
Radøy symjeklubb	Kr 16 885
Radøy Sportsskyttarlag	Kr 11 803
Hordabø il	Kr 31 808
Radøy il	Kr 25 607
Manger il	Kr 13 130

Radøy/Manger FK	Kr 47 945
Radøy skyttarlag	Kr 11 803
Nordhordland Pistolklubb	Kr 270
Radøy idrettsråd	Kr 5000

Beløpa vert sett inn på bankkontonummer oppgjeve i søknaden. Manglar det godkjend revidert rekneskap for 2014, må dette leverast inn før pengane vert utbetalt dykkar konto.

Takk for god frivillig innsats i 2015, og lukka til med arbeidet neste år!

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som vert ønskt, og dei grunnar De vil gje for klaga.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordabø Idrettslag	Radøy 2795	5937	BØVÅGEN
Manger Idrettslag	Postboks 76	5931	MANGER
Radøy Manger Fotballkubb			
Radøy skyttarlag			
Radøy sportskyttarlag	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy symjeklubb	Idrettsvegen13	5936	MANGER
Radøy Idrettsråd	Bjørn Ove Myking	5937	BØVÅGEN
Radøy Idrettslag	Slettevegen 815	5939	SLETTA